



Tide Buss skal køyre buss på Osterøy

PRESSEMELDING
26.05.2010

KONTAKTPERSON
Oddmund Sylta,
direktør i Skyss:
mob. 932 30 401 /
dir. 55 23 93 94

Skyss har i dag tildelt Tide Buss AS kontrakt for køyning av buss på Osterøy for perioden 1. mars 2011 – 28. februar 2018.

Osterøy er det niande området der køyning av busstilbodet vert konkurranseutsett i Hordaland. Anbodet omfattar ruteproduksjonen på Osterøy og rutene inn mot Bergen.

Omfanget av ruteproduksjonen i Osterøy er estimert til 979 262 rutekilometer pr. år og omfattar all rutetransport inkludert skoleskyss.

Tide Buss AS er kåra som vinnar av anbodskonkurransen ut i frå ei vurdering av tildelingskriteria pris, kvalitet og miljø. Tide vann anbudet i konkurranse med Modalen Eksingedalen Billag AS.